



KARANTENEUTVALGET

opprettet ved kgl.res. 7. oktober 2005

André Nerheim

Vår dato	Deres dato	Vår referanse	Deres referanse
1. oktober 2013	17.september 2013	13/2743	

Vurdering av karantene og saksforbod ved overgang til stilling utanfor statsforvaltninga

Karanteneutvalet har vedteke at du, ved å gå frå stilling som politisk rådgjevar i Arbeidsdepartementet til stilling som spesialrådgjevar – kommunikasjon i LO, skal ha karantene i to månader frå 15. oktober 2013 til og med 14. desember 2013.

Karanteneutvalet si grunngjeving er at det ligg føre ein heilt konkret samanheng mellom stillinga som politisk rådgjevar og stillinga i LO. Karanteneutvalet legg til grunn at det vil kunne svekke tilliten til forvaltninga om du byrjar i stillinga rett etter at du sluttar i stillinga i Arbeidsdepartementet.

Karantene betyr at det er forbode å byrja i stillinga i LO før 15. desember 2013. Det er òg forbode å ha fagleg kontakt med verksemda i denne tida.

Karanteneutvalet minner om punkt 4 i retningslinjene om informasjonsplikt, karantene m.v. for politikarar som set krav om at politikaren, eit år etter å ha slutta i stillinga, har plikt til å informere om stillingar, verv og næringsverksemd m.v. som kan vere problematiske i forhold til retningslinjene.

Kopi:
Statsministerens kontor
Arbeidsdepartementet
LO

Med helsing

Erling Thormod Narum (e.f.)

Reidun Slåen

Karanteneutvalget
Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet
Postboks 8004 Dep, 0030 OSLO
Tel. 22 24 48 01/22 24 46 60
E.post: postmottak@fad.dep.no